



Underetasjen eller seksjon 17 i Naustbygget i Uskedalen Brygge er no forsvarleg sikra, melder tiltakshavar Geir Olav Rusten i eit brev til kommunen.

Samstundes ber han om ferdigattest for seksjonane 18, 19, 20 og 21 og viser til at Uskedalen Brygge har utført pålegga i korrigert bruksløyve.

Kommunen peika tidlegare i haust på at underetasjen framleis var uferdig. Den var utan veggjar og innreiing og med kablar og leidningar ubeskytta og utsett for frost og skadeverk.

Verksemdsleiar Tormod Fossheim minna om at bygget måttesikrast trygg vasstilførsle, avløp og elforsyning.

No er det gjennomført sikringstiltak - det er innsett dørar, vinduer og plater og isolert på innsida (biletet).

(Foto: OlaMatti Mathisen)